



**Ungdomslaget i Uskedalen har likevel ikkje sendt inn ein svært mangelfull søknad om spelemidler for oppussing og renovering av Helgheim for 2011.**

**Det slår Lovise H. Sunde fast foruskedalen.no. Det var ho som sende søknaden til fylkeskommunen, som har gjeve avslag.**

**Avslaget er grunngjeve med at det ligg føre ei rekkje manglar, både teikningar, godkjent kostnadsoverslag, dokumentasjon av finansiering og førehandsgodkjente planar.**

**Sunde seier til uskedalen.no at ho har sendt inn all dokumentasjon saman med søknaden og har inga forklaring på kvifor den ikkje er motteke i fylkeskommunen. Men det er mogeleg at den har vorte borte på vegen.**

**-Men dette finn vi ut av ettersom alle kopiar er vedlagt mailen, seier Sunde. I alle tilfeller rekna ikkje laget med å få tildelt midlar før til neste år, då Helgheim var innstilt som nummer 3 for 2011. Men sjølvstøtt er det viktig å få rydda opp i saka.**

**Kommunen ved kulturkontoret skal gå gjennom ho og finna ut kva som har skjedd. Det er på grunn av ferie søkt om og innvilga utsett klagefrist med 2 veker – til 15. august.**

**Av Ola Matti Mathisen**